



Medan 11 leilegheiter i Beinavikjo Brygge er seld etter minimal marknadsføring, er det framleis svært problematisk å få seld einebustadtomter i Uskedalen. Det veit grunneigar Hans Reidar Kjærland alt om: Han har framleis ikkje seld fleire enn fire av dei ni tomtene han har opparbeidd i Skårhaug. Dei har lenge vore klare med både veg, vatn og kloakk.

No reiser det seg hus på tomt nummer fire – Bjørn Olav Tveit er i gang med byggjinga av huset sitt like oppunder masta.

Tomteområdet er på 10 dekar og strekkjer seg frå vegen og opp til Sklårhaugtoppen. Dette var tidlegare utmarka til bruket Leitet, som Kjærland eig.

Tidlegare har Sigurd Børve/Kjersti Nilsen, Egil Eide og Bjørn Olav Tveit fått bygt seg hus på denne sentrale staden i bygda. Der er det panoramautsikt både oppover dalen og mot Engafjell og Nåso. Men utover mot fjorden ser dei ikkje, og det er kanskje ein grunn til det trege salet?

Det trur ikkje grunneigaren, han trur heller at konkurransen med Husnes er til ugunst for Uskedalen.

Av Ola Matti Mathisen